



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Til Prøvenemnda

Vedlegg til forskrifta for praktisk del av fag/sveineprøva

Lærlingen/eleven/praksiskandidaten skal underteikne og levere dette skjemaet til prøvenemnda ved oppstart av den praktiske delen av fag/sveineprøva.

Eg stadfestar med dette at eg har mottatt skriftleg oppgåve for fag-og sveineprøva, og sett meg inn i innhaldet i forskrifta for den praktiske delen av fag/sveineprøva.

Dato / stad: _____

Signatur: _____

Oppgaver og ansvar.

Forskrift til O-Lova		Prøvenemnda	Kandidaten
§3-53-55	<p>Oppstart og gjennomgang av oppgaveteksten</p>	<p>Prøvenemnda er ansvarlege for at prøve kandidatane er kjend med forskrifta som regulerer fagprøva.</p> <p>Dele ut og gjennomgå oppgaveteksten saman med kandidaten, og forklare:</p> <ul style="list-style-type: none"> • At prøva er 4-delt og at det i oppgaveteksten er oppgitt kor lang tid kandidaten kan bruke på kvar del. • Kva vurderingskriteria eigentleg er, og korleis kandidaten kan nyttiggjere seg dei under prøva. • At alle delane av fagprøva blir vurdert av prøvenemnda og inngår i vurderinga. • At kandidaten må grunngje i dokumentasjonsdelen dersom gjennomføringa avvik frå plana. • Kven kandidaten skal kontakte dersom det er behov for det. <p>PRØVENEMNDA BØR KONTROLLERE AT KANDIDATEN FORSTÅR OPPGÅVETEKSTEN SLIK DEN ER MEINT Å VÆRE</p>	<p>Er førebudd på prøva jfr. avtale og har med:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Læreplan for faget • Gjeldande forskrift (kap3) • Utstyr/hjelpemiddel som det er gjort avtale om. <p>Kandidaten er ansvarleg for å sikre at han/ho forstår oppgåva/oppgaveteksten slik den er meint å være</p>
§3-53	<p>Planlegging</p>	<p>Oppgaveteksten skal innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva kandidaten konkret skal gjere i planleggingsdelen. • Tid som kan nyttast til denne delen av prøva. • Kva prøvenemnda vil legge vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for planleggingsdelen • Korleis prøvenemnda skal få overlevert planleggingsdelen. (fax, e-post, personleg) 	<p>Gjennomfører planleggingsoppgåva innan oppgitt tidsfrist.</p> <p>Prøvenemnda skal ha motteke planen/oppgåvesvaret før kandidaten kan starte på gjennomføringsdelen.</p>
§3-54	<p>Gjennomføring</p>	<p>Oppgaveteksten skal innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva kandidaten skal utføre-kva problem som skal løysast. • Tid som kan nyttast til denne delen av prøva. • Kva prøvenemnda vil legge vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for gjennomføringsdelen 	<p>Gjennomfører gjennomføringsdelen etter eigen plan.</p> <p>Dersom kandidaten avvik frå plana, må dette grunngjevast og leggjast fram for prøvenemnda i dokumentasjonsdelen.</p>

Forskrift til O-Lova		Prøvenemnda	Kandidaten
§3-53	Vurdering av eige prøvearbeid	Oppgåveteksten skal innehalde: <ul style="list-style-type: none"> • Kva kandidaten konkret skal vurdere. • På kva måte (munnleg og/eller skriftleg) • Tid som kan nyttast til denne delen av prøva. • Kva Prøvenemnda vil leggje vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for vurdering. 	Gjennomfører vurdering innan oppgitt tidsfrist
§3-53	Dokumentasjon av eige prøvearbeid	Oppgåveteksten skal innehalde: <ul style="list-style-type: none"> • Kva kandidaten konkret skal dokumentere. • På kva måte (munnleg og/eller skriftleg) • Tid som kan nyttast til denne delen av prøva. • Kva Prøvenemnda vil leggje vekt på i si vurdering – kva er vurderingskriteria for dokumentasjonsdelen 	Gjennomfører dokumentasjonsdelen innan oppgitt tidsfrist
§3-55	Vurdering	<p>Vurderer den 4-delte fagprøva, og gjennomfører ein samtale med kandidaten</p> <p>”Prøvenemnda kan i ein oppsummerande samtale til slutt stille spørsmål til fagleg avklaring”</p>	Kandidaten klargjer og begrunner forhold ved prøvearbeidet.

§ 3-53. Innhald i og omfang av fag- og sveineprøva

Prøvenemnda har ansvaret for utforminga av fag- og sveineprøva. Lærebedrifta, eventuelt skolen som alternativ til opplæring i bedrift, kan kome med forslag til arbeidsoppgåver.

Fag- og sveineprøva skal prøve kandidaten sin kompetanse i faget etter læreplanen for opplæring i bedrift. Alle kompetansemåla i læreplanen for faget skal kunne prøvast. Prøvenemnda skal syte for at kandidaten får vist om han eller ho har den kompetansen som skal til for å få fag- eller sveinebrev i faget.

Fag-/sveineprøva skal prøve kandidaten i å planlegge, gjennomføre, vurdere og dokumentere eit eige fagleg arbeid.

Fag- eller sveineprøva skal vere tilpassa tidsramma som er fastsett for prøva i læreplanen, slik at det er mogleg for kandidaten å utføre eit arbeid av god kvalitet. Dei hjelpemidla kandidaten har brukt i læretida, kan òg nyttast under prøva.

Prøvenemnda og kandidaten skal ved behov ha ein oppsummerande samtale til slutt for å avklare spørsmål som har oppstått under prøva.

Prøvenemnda skal samstundes med oppgåva utarbeide eit grunnlag for vurderinga av kandidaten sitt arbeid med fag- eller sveineprøva. Hovudpunkta skal gjerast klare for kandidaten.